

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV (EF) nr. 2009/22/EF**2015/EØS/18/60**

av 23. april 2009

om nedlegging av forbod med omsyn til vern av forbrukarinteresser**(kodifisert utgåve)(*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 95,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽²⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/27/EF av 19. mai 1998 om nedlegging av forbod med omsyn til vern av forbrukarinteresser⁽³⁾ er vorte monaleg endra ei rekkje gonger⁽⁴⁾. Av omsyn til klarleiken og av praktiske årsaker bør direktivet kodifiserast.
- 2) I visse direktiv, som er oppførte i lista i vedlegg I til dette direktivet, er det fastsett reglar for vern av forbrukarinteresser.
- 3) Dei ordningane som finst i dag, både på nasjonalt plan og på fellesskapsplan, for å sikre at desse direktiva vert etterlevde, gjer det ikkje alltid mogleg snøgt nok å stanse brot som er skadelege for dei kollektive forbrukarinteressene. «Kollektive interesser» tyder interesser som ikkje er ei akkumulering av interessene til einskildpersonar som har lidd urett ved eit brot. Dette rører ikkje ved individuelle saker som vert reiste av einskildpersonar som har lidd urett ved eit brot.

4) Når det gjeld målet om å stanse praksis som er ulovleg i medhald av gjeldande nasjonale føresegner, kan dei nasjonale tiltaka som skal innarbeide dei direktiva som det gjeld, verte mindre effektive dersom ein slik praksis får følgjer i ein annan medlemsstat enn der han har opphavet sitt; dette gjeld òg for vernetiltak som går lenger enn det som krevst i desse direktiva, på det vilkåret at slik praksis er i samsvar med traktaten og tillaten i medhald av desse direktiva.

5) Desse vanskane kan vere skadelege for verkemåten til den indre marknaden, og føre til at det er tilstrekkeleg å flytte opphavet til ein ulovleg praksis til ein annan stat for såleis å unngå alle former for rettslege tiltak. Dette utgjør ei konkurransevriding.

6) Desse vanskane er av ein slik art at dei kan svekke tilliten blant forbrukarane til den indre marknaden, og avgrense verkeområdet for dei organisasjonane som representerer dei kollektive forbrukarinteressene, eller til uavhengige offentlege organ som er ansvarlege for å verne dei kollektive interessene til forbrukarar som har lidd urett som følgjer av ein praksis som bryt med fellesskapsretten.

7) Slik praksis kryssar ofte grensene mellom medlemsstatane. For å få slutt på den førnemnde ulovlege praksisen, utan omsyn til kva stat han har fått følgjer for, er det tvingande naudsynt med ei viss tilnærming av dei nasjonale føresegnene til medlemsstatane. Når det gjeld jurisdiksjonskompetansen, vil det planlagde tiltaket ikkje røre ved reglane i den internasjonale privatretten eller ved dei konvensjonane som gjeld mellom medlemsstatane, samstundes som det vert teke omsyn til dei allmenne pliktene til medlemsstatane som følgjer av traktaten, særleg dei som gjeld verkemåten til den indre marknaden.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 110 av 1.5.2009, s. 30, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 35/2010 av 12. mars 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIX (Forbrukervern), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 30 av 10.6.2010, s. 38.

⁽¹⁾ TEU L 161 av 13.7.2007, s. 39.

⁽²⁾ Fråsegn frå Europaparlamentet av 19. juni 2007 (TEU C 146 E av 12.6.2008, s. 73), og rådsavgjerd av 23. mars 2009.

⁽³⁾ TEF L 166 av 11.6.1998, s. 51.

⁽⁴⁾ Sjå vedlegg II del A.

8) Målet for det planlagde tiltaket kan berre nåast av Fellesskapet. Difor ligg det på Fellesskapet å handle.

- 9) I artikkel 5 nr. 3 i traktaten er det fastsett at Fellesskapet ikkje skal gå lenger enn det som er naudsynt for å nå måla i traktaten. I samsvar med denne artikkelen er det viktig at det i størst mogleg grad vert teke omsyn til eigenarten til dei nasjonale rettskipnadene ved å gje medlemsstatane høve til å velje mellom ulike løysingar med jamgode verknader. Domstolar eller forvaltingsstyresmakter med kompetanse til å ta avgjerd i dei sakene som er nemnde i dette direktivet, bør ha rett til å granske verknadene av tidlegare avgjerder.
- 10) Ei av desse løysingane bør gå ut på å leggje utøvinga av den retten til å reise sak som er nemnd i dette direktivet, til eitt eller fleire uavhengige offentlege organ med særleg ansvar for vern av kollektive forbrukarinteresser. Ei anna løysing bør gå ut på å fastsetje at denne retten skal utøvast av organ som har som mål å verne dei kollektive forbrukarinteressene, i samsvar med dei kriteria som er fastsette i nasjonal lovgjeving.
- 11) Medlemsstatane bør kunne velje ei av desse løysingane, eller nytte begge to, når dei på nasjonalt plan skal peike ut dei organa og/eller organisasjonane som er godkjende for føremåla med dette direktivet.
- 12) Når det gjeld brot som vert gjorde innanfor Fellesskapet, skal prinsippet om innbyrdes godkjenning gjelde for desse organa og/eller organisasjonane. Etter oppmoding frå dei nasjonale institusjonane bør medlemsstatane gje Kommisjonen melding om namnet på og føremålet med dei nasjonale institusjonane deira som har kompetanse til å reise sak i sin eigen stat i samsvar med føresegnene i dette direktivet.
- 13) Det ligg på Kommisjonen å syte for at det vert offentleggjort ei liste over desse godkjende institusjonane i Tidend for Den europeiske unionen. Ein godkjend institusjon vert rekna for å ha rettsleg handleevne dersom namnet hans står i denne lista, så lenge det ikkje er offentleggjort noka fråsegn om det motsette.
- 14) Medlemsstatane bør kunne krevje at den parten som aktar å reise sak med påstand om forbod, tek initiativ til å halde samråd på førehand, slik at den innklaga får høve til å stanse det omstridde brotet. Medlemsstatane bør kunne krevje at eit uavhengig offentlig organ som dei har peikt ut, tek del i eit slikt samråd på førehand.
- 15) Dersom medlemsstatane har fastsett at det skal haldast samråd på førehand, bør det fastsetjast ein frist på to veker etter at oppmodinga om å halde samråd er motteken, og dersom det ikkje er vorte slutt på brotet innan denne fristen går ut, har klagaren rett til å reise sak for den rette domstolen eller forvaltingsstyresmakta utan fleire utsetjingar.
- 16) Kommisjonen bør leggje fram ein rapport om gjennomføringa av dette direktivet, særleg om verkeområdet for direktivet og om samrådet som er halde på førehand.
- 17) Bruken av dette direktivet bør ikkje røre ved bruken av konkurransereglane til Fellesskapet.
- 18) Dette direktivet bør ikkje røre ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding og bruk i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er oppførte i vedlegg II del B —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:*Artikkel 1***Verkeområde**

1. Føremålet med dette direktivet er å få i stand ei tilnærming av lovene og forskriftene til medlemsstatane med omsyn til nedlegging av forbod slik det er nemnt i artikkel 2, med sikte på å verne kollektive forbrukarinteresser slik det er fastsett i dei direktiva som er oppførte i vedlegg I, for å sikre at den indre marknaden verkar tilfredsstillande.
2. I dette direktivet tyder «brot» alle handlingar som er i strid med dei direktiva som er oppførte i vedlegget, slik dei er innarbeidde i den nasjonale rettskipnaden til medlemsstatane, og som skadar dei kollektive interessene som er nemnde i nr. 1.

*Artikkel 2***Nedlegging av forbod**

1. Medlemsstatane skal peike ut dei domstolane eller forvaltingsstyresmaktene som har kompetanse til å ta avgjerder i saker som er reiste av godkjende institusjonar i medhald av artikkel 3, med sikte på
 - a) å stanse eller forby alle brot så snøgt som mogleg ved å nytte hastesakshandsaming der det er føremålstenleg,
 - b) å setje i verk eventuelle tiltak som offentleggjering av heile eller delar av avgjerda i ei høveleg form, og/eller offentleggjering av ei retting med sikte på å hindre at verknadene av brotet held fram,
 - c) i den grad rettskipnaden i den aktuelle medlemsstaten tillèt det, å påleggje den innklaga, dersom han tapar saka, å betale ein fast sum for kvar dag etter at fristen har gått ut, eller ein annan sum som er fastsett i nasjonal lovgjeving, til statskassa eller til ein annan føremonshavar som er peikt ut eller fastsett i den nasjonale lovgjevinga, dersom han ikkje rettar seg etter avgjerda innan den fristen som er fastsett av domstolane eller forvaltingsstyresmaktene for å sikre at avgjerdene vert etterlevde.

2. Dette direktivet skal ikkje røre ved reglane i den internasjonale privatretten med omsyn til val av lovgjeving, som vanlegvis vil innebere å nytte anten lovgjevinga i medlemsstaten der brotet fann stad, eller lovgjevinga i medlemsstaten der brotet har verknader.

Artikkel 3

Institusjonar som kan reise sak

I dette direktivet tyder «godkjend institusjon» alle organ eller organisasjonar som er tilbørleg skipa i samsvar med lovgjevinga i ein medlemsstat, og som har ei rettkomen interesse av å sikre at dei føresegnene som er nemnde i artikkel 1, vert oppfylte, og omfattar særleg

- a) eitt eller fleire uavhengige offentlege organ som har fått eit særskilt ansvar for å verne dei interessene som er nemnde i artikkel 1, i dei medlemsstatane det finst slike organ, og/eller
- b) organisasjonar som har som mål å verne dei interessene som er nemnde i artikkel 1, i samsvar med dei kriteria som er fastsette i nasjonal lovgjeving.

Artikkel 4

Brot innanfor Fellesskapet

1. Kvar medlemsstat skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at ein godkjend institusjon i ein annan medlemsstat, ved å leggje fram den lista som er fastsett i nr. 3 i denne artikkelen, kan bringe inn for den domstolen eller forvaltingsstyresmakta som er nemnd i artikkel 2, eit brot som er gjort i den førstnemnde medlemsstaten når dei interessene som er verna av denne godkjende institusjonen, har lidd skade som følgje av brotet. Domstolane eller forvaltingsstyresmaktene skal godta denne lista som prov på den rettslege handleevna som den godkjende institusjonen har, utan at det rører ved retten deira til å granske om det ut ifrå føremålet med den godkjende institusjonen er rimeleg at han reiser sak i eit særskilt tilfelle.

2. Når det gjeld brot innanfor Fellesskapet, skal medlemsstatane, etter oppmoding frå dei godkjende institusjonane sine og utan at det rører ved dei rettane som andre institusjonar har i samsvar med nasjonal lovgjeving, melde frå til Kommisjonen at desse institusjonane har kompetanse til å reise sak i medhald av artikkel 2. Medlemsstatane skal gjje Kommisjonen melding om namnet på og føremålet med desse godkjende institusjonane.

3. Kommisjonen skal utarbeide ei liste over dei godkjende institusjonane som er nemnde i nr. 2, der òg føremålet deira er oppført. Denne lista skal offentliggjeras i Tidend for Den europeiske unionen; eventuelle endringar i lista skal

offentleggjerast straks, og ei ajourført liste skal offentliggjeras kvar sjette månad.

Artikkel 5

Samråd på førehand

1. Medlemsstatane kan innføre eller halde ved lag føresegner om at den parten som har sett seg føre å leggje ned forbod, ikkje kan gjere dette før han har prøvd å få slutt på brotet, i samråd anten med den innklaga eller med både den innklaga og ein godkjend institusjon slik det er definert i artikkel 3 bokstav a), i den medlemsstaten der det vert reist sak om nedlegging av forbod. Medlemsstaten skal sjølv avgjere om den parten som har sett seg føre å reise sak med påstand om forbod, må rådføre seg med den godkjende institusjonen. Dersom det ikkje vert slutt på brotet innan to veker etter at oppmodinga om å halde samråd er motteken, kan den parten som det gjeld, reise sak med påstand om forbod utan fleire utsetjingar.

2. Kommisjonen skal få melding om dei reglane om samråd på førehand som medlemsstatane vedtek, og reglane skal offentliggjeras i Tidend for Den europeiske unionen.

Artikkel 6

Rapportar

1. Kwart tredje år, og første gongen seinast 2. juli 2003, skal Kommisjonen leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein rapport om korleis dette direktivet vert nytta.

2. I den første rapporten skal Kommisjonen særleg granske

- a) verkeområdet for dette direktivet med omsyn til vern av dei kollektive interessene til personar som driv verksemd innanfor handel, industri, handverk eller i frie yrke,
- b) verkeområdet for dette direktivet slik det er fastsett i dei direktiva som er oppførte i vedlegg I,
- c) om spørsmålet om samråd på førehand, som er fastsett i artikkel 5, har medverka til eit meir effektivt forbrukarvern.

Dersom det er føremålstenleg, skal framlegg om endringar til dette direktivet leggjast ved denne rapporten.

Artikkel 7

Føresegner som sikrar større handlefridom

Dette direktivet skal ikkje hindre medlemsstatane i å vedta eller halde ved lag føresegner som på nasjonalt plan tek sikte på å sikre større handlefridom for godkjende institusjonar og for alle andre personar som dette kjem ved.

*Artikkel 8***Gjennomføring**

Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 9***Oppheving**

Direktiv 98/27/EF, endra ved dei direktiva som er oppførte i vedlegg II del A, vert oppheva utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving og bruk av dei direktiva som er oppførte i vedlegg II del B.

Tilvisingar til det oppheva direktivet skal forståast som tilvisingar til dette direktivet, og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg III.

*Artikkel 10***Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde 29. desember 2009.

*Artikkel 11***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg, 23. april 2009.

For Europaparlamentet

H.-G. PÖTTERING

President

For Rådet

P. NEČAS

Formann

VEDLEGG I

LISTE OVER DEI DIREKTIVA SOM ER NEMNDE I ARTIKKEL 1⁽¹⁾

1. Rådskonklusjon 85/577/EØF av 20. desember 1985 om forbrukervern ved avtaler som inngås et annet sted enn på den næringsdrivendes faste forretningssted (TEF L 372 av 31.12.1985, s. 31).
2. Rådskonklusjon 87/102/EØF av 22. desember 1986 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om forbrukerkreditt (TEF L 42 av 12.2.1987, s. 48)⁽²⁾.
3. Rådskonklusjon 89/552/EØF av 3. oktober 1989 om samordning av visse bestemmelser om utøvelse av fjernsynsvirksomhet, fastsatt ved lov eller forskrift i medlemsstatene: artikkel 10-21 (TEF L 298 av 17.10.1989, s. 23).
4. Rådskonklusjon 90/314/EØF av 13. juni 1990 om pakkeferier, herunder pakkeferier og pakketurer (TEF L 158 av 23.6.1990, s. 59).
5. Rådskonklusjon 93/13/EØF av 5. april 1993 om urimelige vilkår i forbrukeravtaler (TEF L 95 av 21.4.1993, s. 29).
6. Europaparlaments- og rådskonklusjon 97/7/EF av 20. mai 1997 om forbrukervern ved fjernsalgsavtaler (TEF L 144 av 4.6.1997, s. 19).
7. Europaparlaments- og rådskonklusjon 1999/44/EF av 25. mai 1999 om visse sider ved forbrukerkjøp og tilknyttede garantier (TEF L 171 av 7.7.1999, s. 12).
8. Europaparlaments- og rådskonklusjon 2000/31/EF av 8. juni 2000 om visse rettslige aspekter ved informasjonssamfunnstjenester, særlig elektronisk handel, i det indre marked («Direktivet om elektronisk handel») (TEF L 178 av 17.7.2000, s. 1).
9. Europaparlaments- og rådskonklusjon 2001/83/EF av 6. november 2001 om innføring av et fellesskapsregelverk for legemidler for mennesker: artikkel 86-100 (TEF L 311 av 28.11.2001, s. 67).
10. Europaparlaments- og rådskonklusjon 2002/65/EF av 23. september 2002 om fjernsal av finansielle tenester til forbrukere (TEF L 271 av 9.10.2002, s. 16).
11. Europaparlaments- og rådskonklusjon 2005/29/EF av 11. mai 2005 om foretaks urimelige handelspraksis overfor forbrukere i det indre marked (TEU L 149 av 11.6.2005, s. 22).
12. Europaparlaments- og rådskonklusjon 2006/123/EF av 12. desember 2006 om tjenester i det indre marked (TEU L 376 av 27.12.2006, s. 36).
13. Europaparlaments- og rådskonklusjon 2008/122/EF av 14. januar 2009 om forbrukervern med hensyn til visse aspekter ved avtaler om deltidsbruksrett, langtidsferieprodukter, videresalg og bytte (TEU L 33 av 3.2.2009, s. 10).

⁽¹⁾ Dei direktiva som er nemnde i nr. 5, 6, 9 og 11, inneheld særlege føresegner om nedlegging av forbod.

⁽²⁾ Det nemnde direktivet vart oppheva og bytt ut, med verknad frå 12. mai 2010, med europaparlaments- og rådskonklusjon 2008/48/EF av 23. april 2008 om forbrukerkredittavtaler (TEU L 133 av 22.5.2008, s. 66).

VEDLEGG II

DEL A

Oppheva direktiv med endringar

(nemnt i artikkel 9)

Europaparlaments- og rådsdirektiv
98/27/EF (TEF L 166 av 11.6.1998, s. 51).

Europaparlaments- og rådsdirektiv
1999/44/EF (TEF L 171 av 7.7.1999, s. 12).

Europaparlaments- og rådsdirektiv
2000/31/EF (TEF L 178 av 17.7.2000, s. 1).

Europaparlaments- og rådsdirektiv
2002/65/EF (TEF L 271 av 9.10.2002, s. 16).

Europaparlaments- og rådsdirektiv
2005/29/EF (TEU L 149 av 11.6.2005, s. 22).

Europaparlaments- og rådsdirektiv
2006/123/EF (TEU L 376 av 27.12.2006, s. 36).

Berre artikkel 10

Berre artikkel 18 nr. 2

Berre artikkel 19

Berre artikkel 16 nr. 1

Berre artikkel 42

DEL B

Liste over fristar for innarbeiding i nasjonal lovgjeving og bruk

(nemnd i artikkel 9)

Direktiv	Frist for innarbeiding	Dato for bruk
98/27/EF	1. januar 2001	—
1999/44/EF	1. januar 2002	—
2000/31/EF	16. januar 2002	—
2002/65/EF	9. oktober 2004	—
2005/29/EF	12. juni 2007	12. desember 2007
2006/123/EF	28. desember 2009	—

VEDLEGG III

JAMFØRINGSTABELL

Direktiv 98/27/EF	Dette direktivet
Artikkel 1-5	Artikkel 1-5
Artikkel 6 nr. 1	Artikkel 6 nr. 1
Artikkel 6 nr. 2 første leddet første strekpunktet	Artikkel 6 nr. 2 første leddet bokstav a)
Artikkel 6 nr. 2 første leddet andre strekpunktet	Artikkel 6 nr. 2 første leddet bokstav b)
Artikkel 6 nr. 2 første leddet tredje strekpunktet	Artikkel 6 nr. 2 første leddet bokstav c)
Artikkel 6 nr. 2 andre leddet	Artikkel 6 nr. 2 andre leddet
Artikkel 7	Artikkel 7
Artikkel 8 nr. 1	—
Artikkel 8 nr. 2	Artikkel 8
—	Artikkel 9
Artikkel 9	Artikkel 10
Artikkel 10	Artikkel 11
Vedlegg	Vedlegg I
—	Vedlegg II
—	Vedlegg III